



Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Vår ref.  
14/2887-4//EAAR

Dykkar ref.

Dato:  
02.12.2014

## **Innspel i samband med lufthamnstrukturen i Sør -Noreg**

Flora kommune viser til henvendelse frå Sogn og Fjordane fylkeskommune vedr innspel til Avinor sitt analysearbeid i samband med lufthamnstrukturen/ Nasjonal transportplan 2018 - 2027.

Samferdsleutvalet i Flora kommune er gjennom kommunen sitt møte og delegeringsreglement gitt mynde til å gje uttale i "flyplass" saker. I møte den 20. november jf. sak 018/14 gjorde samferdsleutvalet slikt vedtak:

*"Samferdsleutvalet i Flora kommune har følgjande innspel til Avinor i samband med deira utgreiingsarbeid om lufthamner:*

*Florø Lufthamn er idag den største lokale lufthamna i Norge og har den største operasjonelle utviklingsmuligheten av alle lufthamnene i Sør-Norge. Samferdsleutvalet vil påpeike at Lufthamna er heilt avgjerande for det petroleumsretta næringslivet både offshore og på land, og føresetnaden for auka petroleumsretta aktivitet i vårt fylke er knytt til vidareutvikling av Florø Lufthamn.*

*I tillegg til avgjerande betydning for persontransport offshore og det landbaserte næringslivet i regionen, så er i tillegg 330-skvadronen ein integrert del av lufthamna. Forsvarsbygg planlegg utviding på Florø Lufthamn og etablering av ein fast base ved Lufthamna. Flyplassen er såleis ein avgjerande faktor for tryggleiken langs norskekysten.*

*Samferdsleutvalet vil påpeike at følgjande vegsamband vil føre til betre transportstandard og innkorta reisetid til dagens lufthamner i fylket:*

- rv 55 langs Sognefjorden
- fv 57 Dale-Storehaug
- fv 615 Sandane-Storebru
- 45-minuttsregionen Florø-Måløy
- Kystvegen Florø-Dale
- Ferjefri E39

*Samferdsleutvalet ber om at Avinor ser på både eksisterande båtsamband og eventuelle nye båtsamband som ein del av tilbringartenestene til flyplassen i Florø. Mange*

*passasjerar frå Vågsøy og Bremanger nyttar idag båt som transport til/frå Florø Lufthamn, og reisetida for desse passasjerane vil være kortare enn det Avinor opererer med i sine presentasjonar. Likeeins vil eventuelle nye båtsamband sørover til/frå Florø sikre betre tilgang og kortare reisetid til lufthamna."*

Flora kommune ynskjer i tillegg å presisere nærmare at transport på sjø, som kort er nemnt i Avinor sin presentasjon av 3. november, er ein svært viktig reisemåte for reisande ved Flora lufthamn.

Vedlagt link til båttrutene i Florabassenget og hurtigbåtrutene som går mellom Selje, Måløy, Leirgulen, Bremanger, Florø og vidare til Bergen.

<http://www.fjord1.no/passasjerbat/ruteoversikt-for-passasjerbat>

[http://www.norled.no/uploads/documents/HurtigbaatRuter/Sogn\\_2014/Bergen\\_Nordfjord\\_Bergen\\_fom\\_1\\_mai\\_2014.pdf](http://www.norled.no/uploads/documents/HurtigbaatRuter/Sogn_2014/Bergen_Nordfjord_Bergen_fom_1_mai_2014.pdf)

[http://www.norled.no/uploads/documents/HurtigbaatRuter/Sogn\\_2014/Sogn\\_Nordfjord\\_Sogn\\_fom\\_1\\_mai\\_2014.pdf](http://www.norled.no/uploads/documents/HurtigbaatRuter/Sogn_2014/Sogn_Nordfjord_Sogn_fom_1_mai_2014.pdf)

Eit eksempel på reisertid:

Med båt frå Måløy til Florø, tar det 1. time og 10 min, og vidare 10 min frå båtanløp til Florø lufthamn. Vidare med fly frå Florø – Oslo tar det 1. time. Dette gir ei total reisetid frå Måløy til Oslo 2. timar og 20 min, u/ medrekna oppmøtetid på flyplass.

Vidare er kystkommunane i og rundt Flora i samarbeid med å utarbeide betre båttrutetilbod frå Fjaler- Askvoll til Florø og nordover til Måløy. Dette kjem i tillegg til dagens båttilbod på kysten av Sogn og Fjordane. Dette bl.a på grunnlag av næringsutvikling på Lutelandet. Ei slik reiserute medfører 1. time og 20 min. i reisetid mellom Lutelandet og Florø lufthamn.

Dette reisetilbodet vil gje ei totalreisetid til Oslo på 2. timar og 20 minutt, u/ medrekna oppmøtetid på flyplass.

Med helsing

Rolf Bjarne Sund  
plansjef

Einar Atle Årdalsbakke  
rådgjevar samferdsle

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*